



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 13.06.2017 kl. 16:30
Stad: BULANDET

Frammøtte:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Terje Mork	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Eva Iren Landøy	Varamedlem

Forfall:

Halldis Rørvik	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Jostein Gryte	Leiar

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Andre møtande:

Kyrkjelydsutvalet for Bulandet/Værlandet

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2017/25		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2017/26		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 04.04.2017	RUNE ZIENER
SR 2017/27		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER

SR 2017/28		Høyring - nye valreglar til val av sokneråd og bispedømmeråd/Kyrkjemøte	RUNE ZIENER
SR 2017/29		Offerliste 2. halvår 2017	RUNE ZIENER
FR 2017/30		Lokal subsidiering av kremasjonsavgift	RUNE ZIENER
FR 2017/31		Budsjettjustering 2017 etter 1. tertialrapport.	RUNE ZIENER

Askvoll, 13.06.2017

Ref.
Rune Ziener
kyrkjeverje

SR 2017/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2017/26 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 04.04.2017

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 04.04.2017

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 04.04.2017

SR 2017/27 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram i møtet:

- M 2017/18 KRYSS-revisjon: *Revisjonsmelding 2016 - Askvoll sokn* (15.04.2017)
- M 2017/19 1. tertialrapport 2017
- M 2017/20 Gravplassrådgjevaren: *Gjelsvik gravplass. Søknad om godkjenning av køyretilkomst og port. Uttale frå gravplassrådgjevaren* (16.05.2017)
- M 2017/21 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: Referat frå møte 26. mai 2017
- M 2017/22 Brudestolane i Askvoll kyrkje
- M 2017/23 Vegskilting ved Vågane og Gjelsvik gravplass og Kvammen kapell (status).
- M 2017/24 Kvammen kapell, rehabilitering av takkonstruksjon m.m. (status).
- M 2017/25 Generell drøfting/samtale med kyrkjelydsutvalet for Bulandet/Værlandet.
- M 2017/26 Kyrkjelydsutvalet i Kvammen: Referat frå møte 18.05.2017
- M 2017/27 Kyrkjelydsutvalet i Vilnes: Referat frå møte 30.05.2017
- M 2017/28 Sikring av Holmedal kyrkjegard. Avtale med grunneigar på plass - status på prosjektet

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering.

SR 2017/28 Høyring - nye valreglar til val av sokneråd og bispedømmeråd/Kyrkjemøte

UTGREIING

Kyrkjerådet har lagt ut til høyring forslag til nye valreglar for val av sokneråd og bispedømmeråd/Kyrkjemøte som skal gjerast gjeldande til kyrkjevalet 2019. Forslag til valreglar ligg innafor ramma for Kyrkjelova sine bestemmelser om kyrkjevalet. Høyringsfrist er sett til 14. juni.

Det vert vist til høyringsnotata for bakgrunnsinformasjon og drøftingar. I saksutgreiinga her er primært sette fram forslag til høyringsuttale. Det ligg ikkje føre noko høyringsskjema/høyrings spørsmål, men desse punkta kan vere aktuelle vurderingspunkt i høyringa:

2.1 Direkteval eller kombinasjonsordning med direkte og indirekte valomgang til bispedømmeråd/Kyrkjemøte.

I dag er det det einskilde bispedømmeråd som avgjer om heile, eller delar av medlemmene skal veljast ved direkte val. Der det er stor heterogenitet i folketal i sokna i eit bispedømme (som t.d. i Bjørgvin), er kombinasjonsvalordninga lagt inn som ei sikrings-/utjammingsordning for at sokn med lågt folketal i større grad skal kunne sikrast å kunne påverke valresultatet. Innvendingar mot ei ordning med valfridom i spørsmålet, kan vere at det vert ei lite prinsipiell ordning, samt at kvar stemme ikkje vektar det samme i ei indirekte ordning. Ei anna svakheit ved ordninga er at det tek lenger tid før det endelege valresultatet er kjent.

Forslag til høyringssvar:

Askvoll sokneråd meiner at val til bispedømmeråd/Kyrkjemøte skal skje ved direkte val.

2.2 Fleirtals- og forholdstalsval

Det er i gjeldande valregelverk opna for å kunne stille fleire lister. I utgangspunktet vart det opna for å stille alternative listeframlegg for å få fram ulike syn som måtte finnast innanfor kyrkja. Kyrkjerådet har no utgreidd fleire alternativ der det vert teke til orde for både ekstra nominasjonsprosessar, ulike fristar for intensjon om å stille alternativ liste og ulike fristar for innlevering av listeforslag. Ein bør halde fast på intensjonen om å gje moglegheit for alternative lister, men at listestillarane bør ha same betingelser og tidsfrister, og at det såleis vert gitt mest mogleg like vilkår.

Forslag til høyringssvar:

Askvoll sokneråd meiner at alle bør ha høve til å stille listeforslag, men under mest mogleg like vilkår. Vi går såleis inn for Kyrkjerådets alternativ 2 i høyringsnotatet (Ordning med nominasjonskomiteens liste og andre lister – samtidige frister).

2.3 Tilskotsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m.

Med dagens valordning vert det gitt eit direktetilskot til kvart fellesråd til gjennomføring av valet. Det er ikkje gitt nokre føringar om særskilt finansiering av nominasjonsarbeidet i samband med valet. Sokneråda/bispedømmeråda har, som valstyre, plikt til å informere likeverdige om alle listeforslag. Alternative lister/grupperingar har såleis ikkje særskilte behov for midlar til informasjonstiltak.

Forslag til høyringssvar:

Askvoll sokneråd meiner det ikkje er behov for ei særskilt tilskotsordning til ulike nominasjonsgrupper. Om slike grupper har behov for særskilt støtte, må dei søkje dei aktuelle valstyra om dette.

2.4 Personvalreglar

Høyringssvara her er primært sette motivert ut frå at kvar enkelt veljar sine endringar på stemmesetelen skal kunne gje størst mogleg utslag på tellingsresultatet.

Forslag til høyringsuttale:

2.4.1 Maksimalt tal personstemmer på 3 pr. stemmesetel vert vidareført.

Regel om at strykningar er tillete bør verte innført, for at veljaren skal ha størst mogleg innflytelse på stemmeseddelen. Talet strykningar bør maksimalavgrensast til 3.

2.4.2 Det bør innførast ei sperregrense på 8% for personstemmer for at desse skal telje med (alternativ 3 frå Kyrkjerådet).

2.4.3 Det bør ikkje opnast for tilleggsstemmer (førehandskumulering) på listene.

2.5 Valkrinsar og stemmekrinsar

I dag er det ikkje høve til å stemme i anna krins enn eigen valkrins på valdagen, men det er høve til førehandsstemming. Det vil føre til logistiske problem om ein opnar for stemmegjeving i anna sokn innan fellesrådsområdet på valdagen. Særleg vil dette gjelde der det er mange sokn i eit fellesrådsområde og lange reiseavstandar.

Forslag til høyringsuttale:

Askvoll sokneråd meiner det ikkje bør vere høve til å avgje stemme i anna sokn på valdagen.

3 Stemmerett og manntal

Forslag til høyringsuttale:

Askvoll sokneråd støttar forslaget om at det vert innført skjæringsdato 30. juni for manntalsføring og medlemsstatus pr. 1. september som grunnlag for stemmerett.

Det bør ikkje lagast egne manntalslister for prestar og lek kyrkjeleg tilsette, men data her bør enkelt kunne verte innarbeidd i dei ordinære manntalslistene.

Kapitla 4-6:

Ikkje særskilte forslag til høyringsuttale frå kyrkjeverja her.

7. Krav til kjønnsbalanse på listeforslaga

Her er gjeldande rett at ved val av medlemmer i sokneråd og leke medlemmer i bispedømeråd og Kyrkjemøte er kravet at listeforslaga skal «ha minst 40% representasjon av begge kjønn» - medan det ved val av prestar og leke kyrkjeleg tilsette til bispedømeråd og Kyrkjemøte berre er krav om at «begge kjønn skal vere representert» på listeforslaga. Kyrkjerådet føreslår at dette vert vidareført utan endring.

Forslag til høyringsssvar:

Askvoll sokneråd er usamd med Kyrkjerådet her, og meiner at listeforslaga ved val av prestar og lek kyrkjeleg tilsette til bispedømeråd og Kyrkjemøte skal ha samme krav til kjønnsbalanse som listeforslaga for leke medlemmer i sokneråd, altså minst 40% representasjon av kvart kjønn.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gir høyringsssvar som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir høyringsssvar som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja, og høyringsssvaret vert såleis:

2.1 Direkteval eller kombinasjonsordning med direkte og indirekte valomgang til bispedømmeråd/Kyrkjemøte.

- Askvoll sokneråd meiner at val til bispedømmeråd/Kyrkjemøte skal skje ved direkte val.

2.2 Fleirtals- og forholdstalsval

- Askvoll sokneråd meiner at alle bør ha høve til å stille listeforslag, men under mest mogleg like vilkår. Vi går såleis inn for Kyrkjerådets alternativ 2 i høyringsnotatet (Ordning med nominasjonskomiteens liste og andre lister – samtidige frister).

2.3 Tilskotsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m.

- Askvoll sokneråd meiner det ikkje er behov for ei særskilt tilskotsordning til ulike

nominasjonsgrupper. Om slike grupper har behov for særskilt støtte, må dei søkje dei aktuelle valstyra om dette.

2.4 Personvalreglar

- 2.4.1 *Maksimalt tal personstemmer på 3 pr. stemmesetel vert vidareført.*
- *Regel om at strykningar er tillete bør verte innført, for at veljaren skal ha størst mogleg innflytelse på stemmeseddelen. Talet strykningar bør maksimalavgrensast til 3.*
- 2.4.2 *Det bør innførast ei sperregrense på 8% for personstemmer for at desse skal telje med (alternativ 3 frå Kyrkjerådet).*
- 2.4.3 *Det bør ikkje opnast for tilleggsstemmer (førehandskumulering) på listene.*

2.5 Valkrinsar og stemmekrinsar

- *Askvoll sokneråd meiner det ikkje bør vere høve til å avgje stemme i anna sokn på valdagen.*

3 Stemmerett og manntal

- *Askvoll sokneråd støttar forslaget om at det vert innført skjæringsdato 30. juni for manntalsføring og medlemsstatus pr. 1. september som grunnlag for stemmerett. Det bør ikkje lagast eigne manntalslister for prestar og lek kyrkjeleg tilsette, men data her bør enkelt kunne verte innarbeidd i dei ordinære manntalslistene.*

Kapitla 4-6:

- *Ikkje særskilt høyringssvar.*

7. Krav til kjønnsbalanse på listeforslaga

- *Askvoll sokneråd er usamd med Kyrkjerådet her, og meiner at listeforslaga ved val av prestar og lek kyrkjeleg tilsette til bispedømeråd og Kyrkjemøte skal ha samme krav til kjønnsbalanse som listeforslaga for leke medlemmer i sokneråd, altså minst 40% representasjon av kvart kjønn.*

SR 2017/29 Offerliste 2. halvår 2017

UTGREIING

Gudstenesteliste for 2. halvår 2017 er lagt fram, og oversendt kyrkjelydsutvala for utarbeiding av forslag til offerlister.

Inkomne forslag er ført inn i lista nedanfor. Resterande forslag vil verte lagt fram i soknerådsmøtet.

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Offerformål
Askvoll kyrkje	09.07.2017	11:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	30.07.2017	11:00	Søndag	Leger uten grenser
Askvoll kyrkje	20.08.2017	11:00	Søndag	Skilbrei ungdomssenter
Askvoll kyrkje	17.09.2017	11:00	Søndag	KFUK/KFUM Sogn og Fjordane
Askvoll kyrkje	08.10.2017	19:00	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	29.10.2017	11:00	Søndag	Kirkens Bymisjon i Bergen
Askvoll kyrkje	12.11.2017	11:00	Søndag	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	19.11.2017	19:00	Søndag	Det Norske Misjonsselskap
Askvoll kyrkje	17.12.2017	17:00	Søndag	Sjelesorgsenteret Modum Bad
Askvoll kyrkje	24.12.2017	16:00	Søndag	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2017	16:00	Søndag	Ikkje offer
Bulandet kapell	16.07.2017	11:00	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	03.09.2017	11:00	Søndag	Fiskarheimen
Bulandet kapell	08.10.2017	11:00	Søndag	Bulandet kapell
Bulandet kapell	05.11.2017	11:00	Søndag	Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	03.12.2017	11:00	Søndag	Redd Barna
Bulandet kapell	24.12.2017	12:00	Søndag	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	06.08.2017	11:00	Søndag	Kirkens Bymisjon i Bergen
Holmedal kyrkje	10.09.2017	19:00	Søndag	Holmedal Bedehusklubb
Holmedal kyrkje	01.10.2017	11:00	Søndag	Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	26.11.2017	16:00	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Holmedal kyrkje	10.12.2017	15:00	Søndag	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	25.12.2017	12:00	Mandag	Kyrkjelydsarbeidet
Kvammen kapell	09.07.2017	19:00	Søndag	
Kvammen kapell	27.08.2017	11:00	Søndag	
Kvammen kapell	24.09.2017	11:00	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	29.10.2017	19:00	Søndag	Kyrkjebladet
Kvammen kapell	19.11.2017	11:00	Søndag	Søndagsskuleforbundet
Kvammen kapell	24.12.2017	16:00	Søndag	Kirkens Nødhjelp
Stongfjorden kapell	20.08.2017	19:00	Søndag	Stongfjorden kapell
Stongfjorden kapell	25.12.2017		Mandag	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	27.08.2017	19:00	Søndag	Det Norske Bibelselskap
Vilnes kyrkje	24.09.2017	19:00	Søndag	Kyrkjebladet
Vilnes kyrkje	15.10.2017	11:00	Søndag	Kumle bedehus
Vilnes kyrkje	05.11.2017	19:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Vilnes kyrkje	03.12.2017	17:00	Søndag	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	24.12.2017	14:00	Søndag	Kirkens Nødhjelp

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlister som går fram av innkomne forslag frå kyrkjelydsutvala.
2. Resterande offerforslag vert lagt fram i møtet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlister som går fram av innkomne forslag frå kyrkjelydsutvala og resterande offerforslag som vart vart lagt fram i møtet (desse er innarbeide i tabellen i saksutgreiinga).

FR 2017/30 Lokal subsidiering av kremasjonsavgift

UTGREIING

Bakgrunn for saka

Det har komme ei generell henvending til soknerådet frå ein pårørande med om det finst ei ordning her om refusjon frå det offentlege for utgifter den som syter for gravferden har til kremasjon. Ei slik ordning er ikkje innført i Askvoll.

Vedkommande pårørande påpeikte at det ikkje er rimeleg at det offentlege ikkje dekker kremasjonsavgifta, mens gravleggingskostnaden ved kistegravlegging vert dekkja fullt ut over soknet sitt budsjett.

Askvoll sokneråd bør vurdere om gjeldande praksis og regelverk er rimeleg.

Økonomiske forhold

Kremasjonsutgiften dei pårørande må betale (pr. 2017 i Bergen) utgjer kr 4.250,- med frakttillegg for urneforsending kr 866,- (inkl. MVA), totalt kr 5.116,-.

Om dei vel kistegravlegging er det ingen eigenbetaling for gravlegginga. Utgifter til gravlegging som soknet betalar er, berekna til kr 6.000,- (graving og lønnsutgifter til gravplassens folk i samband med opning og lukking av grav).

Soknet sin utgift for urnenedsetting er berekna til kr 2.000,-.

Med dagens praksis og regelverk betyr dette at soknet har ein mindreutgift på om lag kr 4.000,- når ein innbyggjar vert kremert, samanlikna med ei kistegravlegging.

Det ligg ikkje føre nokon sentrale reguleringar for dette saksfeltet.

Praksis andre stader

Det ligg ikkje føre nokon samla oversikt som viser kva kommunar/fellesråd som finansierer kremasjonsutgift for eigne innbyggjarar, men t.d. i Lærdal dekker fellesrådet kr 4.000,- for kvar kremasjon, og det finst refusjonsordningar t.d. i Ullensvang, Os og Askøy kommune. Det finst óg ordningar der kyrkjelege fellesråd også subsidierer eigendelen for kistetransport til krematoriet.

Det er litt ulike ordningar rundt om på om det er kommunen eller fellesrådet som tek utgifta over sitt budsjett.

I ei spørjeundersøking blant kyrkjeverjene i landet frå 2013 svarer 24% at fellesråd/kommune subsidierer kremasjonsavgifta.

Vurdering

-Likestilling av gravferdsformene:

Prinsippet om likestilling av gravferdsformene, og eit regelverk som ikkje stimulerer til å

velje den eine eller andre gravferdsformen, er eit av grunnprinsippa i som vart sett fram i ei offentleg utgreiing om betaling for kremasjon, gravlegging og grav frå (NOU 2014:2).

Det kan opplevast urimeleg at soknet over sitt budsjett dekker kostnaden til kistegravlegging, men ikkje kostnad til kremasjon.

-Praktiske og økonomiske konsekvensar:

Askvoll har ein svært låg andel urnegraver (2,7%), og dei fleste urnegravleggingane er «utanbygds» (d.v.s. der avlidne var busett utanfor kommunen, og utgiftene til gravlegginga såleis vert dekkja av familien). Talet avlidne som var busett i kommunen og som vert kremert er om lag éin per år.

Sjølv om ein vel å innføre ei lokal subsidieringsordning for kremasjon i Askvoll, vil dette truleg ha marginal effekt på andelen kremasjonar.

Årleg kostnad for soknet ved å innføre ordninga vert såleis stipulert til om lag kr 4.000,-/8.000,-.

Auka kremasjonsandel vil ha ei samla sett positiv effekt for gravplassane, då dette medverker til redusert arealbehov, i og med at ein kan ha fleire urner i same grav. Det er også mogleg å omregulere enkelte gravfelt til eigne urnefelt, som har mindre gravmål.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd innfører ei refusjonsordning for kremasjonsavgift for avlidne som var folkeregistrert i Askvoll kommune, og som skal gravleggast på gravplass i kommunen.
2. Satsen for slik refusjon vert sett til kr 4.000,-.
3. Vedtaket er ikkje å forstå som ei endring av gravplassvedtektene, men vert innarbeidd i betalingsvedtekter for Askvoll sokn.

MØTEHANDSAMING

Justeringsforslag frå Terje Mork sett fram i møtet til vedtakspunkt 2:

2. Satsen for slik refusjon vert sett til kr 5.000,-

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd innfører ei refusjonsordning for kremasjonsavgift for avlidne som var folkeregistrert i Askvoll kommune, og som skal gravleggast på gravplass i kommunen.
2. Satsen for slik refusjon vert sett til kr 5.000,-.
3. Vedtaket er ikkje å forstå som ei endring av gravplassvedtektene, men vert innarbeidd i betalingsvedtekter for Askvoll sokn.

FR 2017/31 Budsjettjustering 2017 etter 1. tertialrapport.

UTGREIING

1. TERTIALRAPPORT

Generell kommentar til tertialrapporten:

- Grunna nytt økonomisystem i kommunen er rapportoppsettet annleis enn rapportar frå førre år.
- Vedlagte rapport inneheld ikkje budsjettjusteringane som vart vedteke i FR 2017/23, men dette vil verte retta opp i 2. tertialrapport.
- Ein feil i rekneskapssystemet har ført til at lønnsutgifter til kyrkjeverje (som i budsjettet ligg i teneste *kyrkjeleg administrasjon*, har vorte ført på teneste *kyrkjer*).

BUDSJETTJUSTERING

I investeringsrekneskapen for 2017 har det komme til kostnader (etterslep frå 2016) på to investeringsprosjekt som det ikkje er teke høgde for i budsjettet for 2017:

Prosjekt 1004 – Utviding Askvoll kyrkjegard	kr 81.937,-
Prosjekt 1007 – Brannsikring Vilnes kyrkje	kr 42.481,-
<u>Total</u>	<u>kr 124.418,-</u>

Ein må finne ei inndekking for dette beløpet.

Forslag til inndekking:

1. Delinndekking ved reduksjonar i vedlikehalds- og utviklingsplanen:

Nytt gjerde, Stongfjorden gravplass kr -17.000,-

Her var budsjettert kr 25.000,-. I og med at arbeidet er gjort med eigne folk og det berre var direktekostnad til materialkjøp, er det her midlar til overs.

Skifte isolasjon under golv, Askvoll kyrkje kr -37.000,-

Isolasjonen er vurdert av fagfolk, og det har skjedd ei naturleg uttørking av kjellaren, slik at skifte av isolasjon ikkje er nødvendig likevel.

Ferdigstilling av interiør Askvoll kr -10.000,-

Kostnad til oppussing av lysekroner og brudestolar i Askvoll kyrkje ser ut til å verte kr 10.000,- lågare enn budsjettert.

Sum innsparingar i VU-plan: kr -64.000,-

2. Delinndekking ved bruk av disposisjonsfond:

Disposisjonsfond (soknerådsmidler) _____ kr -61.000,-

Her har ein kr 89.000,- disponibelt, og ein kan nytte delar av desse midlane.

Sum bruk av disposisjonsfond: _____ kr -61.000,-

Samla forslag til budsjettjustering:

INVESTERING

42300.200.04300.000.1004.	Byggeteneste, nybygg	67 000
42700.200.04300.000.1004.	Konsulenttenester	15 000
44290.200.04300.000.1004.	Meirverdiavgift	20 500
47290.200.04300.000.1004.	Meirverdiavgift (kompensert)	-20 500
49400.200.04300.000.1004.	Bruk av disposisjonsfond	-61 000
49700.200.04300.000.1004	Overført frå driftsrekneskapen	-21 000
<u>Endring prosjekt 1004</u>		<u>0</u>
42700.200.04200.000.1007.	Konsulenttenester	43 000
44290.200.04200.000.1007.	Meirverdiavgift	11 000
47290.200.04200.000.1007.	Meirverdiavgift (kompensert)	-11 000
49700.200.04200.000.1007	Overført frå driftsrekneskapen	-43 000
<u>Endring prosjekt 1007</u>		<u>0</u>

DRIFT

32300.200.04200.000.0000	Vedlikehald av bygg og anlegg	-47 000
32300.200.04200.000.0000	Vedlikehald av bygg og anlegg	-17 000
35700.200.04200.000.0000	Overføringar til investeringsrekneskapen	43 000
35700.200.04300.000.0000	Overføringar til investeringsrekneskapen	21 000
<u>Endring driftsbudsjett</u>		<u>0</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar 2017 som ligg i forslaget frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar 2017 som ligg i forslaget frå kyrkjevevja.